



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 3

MARS 1974

23. årgang

FASTE

«I dag skal du vera med meg til Paradis». (Luk. 23 v. 3).

Det er vel med fastetida som med advent og trieing. Vi kjenner orda, men utover det gjev vi ikkje større ans på dei. Desse tidbolkane kjem og går utan at vi gjer nokon skilnad. Dei har med andre ord ikkje noko verdi for oss. Slik skulle det ikkje vera. Kristenlivet vårt vert så fatigt og grunnt da. Kvar holk i kyrkjeåret har sitt innhald, som vi må freista å leva med i. Gjer vi ikkje det, vil vi ein dag få sjå at kristendomen er eit navn og lite meir.

Da gjetarsveinane på Betlehemsmarken for ikkje mange vekene sidan ropa åt kvarandre og alt folket: «Kom, lat oss gå beint til Betlehem og sjå dette som har hendt, og som Herren har kunnngjort oss» (Luk. 2, 15), så gjekk dei fleste av oss villig med og fann barnet i kruba. Vi gledde oss over Frelsaren som var fødd og song hjartans gjerne dei gamle julesongane våre. No er jula over, og ei anna oppmoding vert retta åt oss. Det er Frelsaren sjølv som segjer: «Sjå vi går opp til Jerusalem, og Menneskesonen skal gjevast over åt øvsteprestane og dei skriftkloke, og dei skal døma han til døden». (Mark. 10, 33). Det er Påskehøgtida som stundar til og Frelsaren ber oss fylgja med på lidingsvegen. Er vi like viljuge til å fylgja no, som da gjetarsveinane

Framh. s. 7.

Kirkens Nødhjelp

Organisasjonen Kirkens Nødhjelp har vist ei slagkraft som imponerer. Og vi skal ikkje tru det minskar jamvel om eldsjela Elias Berge er gått over i prestestilling i Oslo. Ny generalsekretær er nemleg blitt Sigurd Aske, ein av dei kjente norske kyrkjemenn i internasjonale samanhengar. Han har budd store deler av sitt liv i utlandet, spesielt i Japan og Etiopia.

Kirkens Nødhjelp er ein organisasjon med forsvinnande lite administrasjonsapparat heime som ute. Heime tek ein utgangspunkt i Den norske Kyrkjens apparat, og ute så fungerer misjonærane i katastrofeområda og utviklingsområda som formidlarar av hjelp. Likeins dei lokale kyrkjesamfunna. Det er eit effektivt apparat overalt. I Etiopia og Tsjad er fleire norske misjonærer sett av til Kirkens Nødhjelp for å få hjelpa ut til dei lidande. Dei kjenner språk og miljø.

Appellen er i år som før: Bruk fastebøssene.

Midlane kjem ut. Og vi har godt av å dele med alle folk i naud og ulykke. Bøssene skal leverast i kyrkjene på Palmesøndag og elles i påsketida.



Menighetshus på Orkanger

Orkanger sokneråd har fleire ganger drøftet reising av menighetshus på stedet. Det har vært ansett viktig å få reist dette i nærheten av kirken. Sonderinger er foretatt, og det er gode muligheter at tomt kan ordnes der. Arkitekt er også kontaktet, og man har studert noen prosjekter.

Siden Indremisjonen ikke får utvide eller modernisere bedehuset der det nå står, er det meningen at de skal inviteres til et samarbeid. Likens så vil alle interesserte organisasjoner og grupper være velkomne med tilslutning eller bistand. Vi ber alle interesserte henvende seg til soknerådet.

Vi håper at Orkanger menighetshus kan bli et kirkens miljøhus, slik at det kan fungere i barne- og ungdomsarbeidet, eldreomsorgen m. v. Tips og forslag på dette området tas mot med takk.

Økonomien er selvsagt et stort spørsmål. Men her satses vi også med stor optimisme. Orkangerfolket har vist litt av hvert før gjennom tidene. Saken er blitt satt opp på offerlisten.

Bidrag kan innbetales til soknerådet ved kassereren Harald Hukkelås. Andre tiltak vil også komme. Vi tror at Orkanger menighetshus er en klok måte å investere på i miljøarbeidet på stedet.

Vi regner med raske og positive henvendelser på denne artikkelen. Slik har det vært før.

SLEKTERS GANG



Døpte

Orkland.

10. 2. Frank Sørdal.

Orkdal.

2. 2. Gøril Rostad
3. 2. Roger Skoril
Øyvind Hukkelås
Øystein Vågbo.

Orkanger.

10. 2. Jon Krokstad.

Geitastrand.

27. 1. Jomar Bjørnbeth.



Vigde

Orkland.

2. 3. Magne Arnfinn Rise og Kari Lillelækken.

Orkdal.

2. 2. Per Magne Rekstad og Toril Løftamo.
Manfred Sprenger og Audhild Kvåle (vigd s.sk.ktr).

Orkanger.

23. 2. Bent Hoston og Alfild Brostrøm.

Geitastrand.

9. 2. Anton Gunnerius Kjøren og Gunvor Skjenald.



Døde

Orkland.

1. 2. Valborg Blakstad, f. 1904.
John Gundersen, f. 1898.
13. 2. Ingeborg Krogsæter, f. 1888.
17. 2. Eli Pettersen, f. 1879.

Orkdal.

11. 1. John Marius Sommervold, f. 1900.

GRØNT LYS

Også i 1973 hende det mange trafikkulykker. Det kunne vera fleire ting som gjorde det. Stundom var grunnen den at det vart køyrd mot raudt lys. Det kunne henda ein ikkje la merke til det raude lyset. Men stundom vart det tatt ein sjanse. Alle er vel samde om at det er farleg, ja ikke berre det. Det er uvetting.

Men korleis ligg det an når det gjeld menneskelivet? Blir det da køyrd mot raudt lys? Før vi svarar på det, må vi ha klårt for oss kva varslingsystem vi har med å gjera. Først nemner vi samvitet, røysta inni oss som seier oss kva vi skal gjera og ikkje gjera. Men samvetet er ikkje alltid å lite på. Det må alltid justerast etter Bibelen. Dette siste skal vi leggja vel merke til, for her blir det gjort mange tabbar. No

Ingebrigt Ofstad f. 1891
Jenny Elise Svergja f. 1883
13. 1. Martha Øyen f. 1907
28. 1. Lava Snøsen f. 1895
10. 2. John Asbjell f. 1891
11. 2. Kristian Asphaug f. 1900
14. 2. Målfrid Ryan Sende f. 1911
20. 2. Helga Brekken f. 1907.

Orkanger.

30. 1. Johannes Walvåg f. 1879
7. 2. Ole Hoff f. 1913
8. 2. Walborg Jenssen f. 1911
9. 2. Helene Elisabeth Kjønlif. 1884
14. 2. Tommy Larsen f. 1974
17. 2. Martha Kvikne f. 1902
20. 2. Roald Sæther f. 1913
21. 2. Ivar Lystad Våberg f. 1923.

Geitastrand.

7. 2. Ole Knudsen f. 1891.

Kirkebøsser

Orkanger og Orkland kirker har kirkebøsser. Vi håper det snart kommer i de andre også. Vi er meget takknemlig for gaver på disse til menighetsarbeidet. Men vær snill ikke å begynne telle opp penger av lomleboka før postludiet er over. Vær så forsiktig med å slå sammen brillehus m.v. da. Det er så godt med stillhet under postludiet (utgangsspillet).

blir da spørsmålet retta til deg. Korleis ser du på denne sak?

Du skulle vel aldri meina at dette ikkje er så farleg og viktig? Dette med samvitet og Bibelen vil du halda på fråstand. Da må eg få seia deg at du må vera klår over at du tar ein mykje farleg sjanse. Du køyrer mot raudt lys. Den sjansen er langt verre enn om du køyrer over ein planovergang mot raudt lys. Det går aldri vel. Samvitet ditt og Bibelen er gitt deg så du ikkje skal koma i ulykke. Ver klår over det.

Du har gått inn i eit nytt år. Gjorde du det under ettertanke eller glir du inn i det utan vidare? No når du les dette, er det i alle fall tid til å tenkje seg om. Eg trur du skal tala med Gud om «trafikksyndene» dine i 1974. Om alle gongene du handla mot samvitet og Guds vilje. Du såra Gud med tankar, ord og gjerningar. Det same gjorde du mot medmenneske. Det gode du burde ha gjort, gjorde du mange gonger ikkje. Veit du det at Gud for Jesu Kristi skyld vil tilgi deg alt dette når du ber han om det. Gjer det!

Framfor deg ligg 1974 med mange «trafikkkfeller». Det gjeld om å vera varsam. Enn om du sette som regel at du vil ha grønt lys i alle ting. Det har du når du rettar deg etter samvitet og Bibelen. Da seier eg deg i Jesu namn lykke til med «trafikken». 1974 vil bli eit godt og trygt år for deg.

Ottar Hyldmo.

Ottar Hyldmo er distriktssekretær for Det Norske Misjonsselskap i Orkladal. Adr. STORÅS.

GAVER

til Det norske Misjonsselskap 1973.

Orkdal sokn kr. 43272
Orkland sokn « 10705
Orkanger sokn « 4756
Geitastrand sokn « 2577

Samla for Orkdal prestegjeld kr. 61310. Det er kr. 11938 meir enn i 1972. Det blir vel 24 %.

MENIGHETSBLAD Pensjonisthelsing

for Orkdal prestegjeld
Utgitt av soknerådene i Orkdal
Redigert av res. kap.
Kasserer:
Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.
Postgironr.: 32 68 72.
Takk for gaver og kontingent.
Svorkmo Prenteverk A/L.

Eit blad som interesserer

Vi freista sist haust å skrive litt om oss sjølve på denne plassen. Det blei kommentert i fleire aviser. Slik publisitet om oss gir meirsmak.

I mellomtida har vi merka oss alle dei positive reaksjonar på postgiroblanketten i januarnummeret. Vi har teke det som eit svar på folks interesse for bladet. Om ikkje lenge er vi sjølvberga for 1974, men ikkje enno om vi skal halde fram med våre 8 sider.

Elles tenker vi på å bli bedre. Orkdal kyrkjelege fellesråd har påteke seg oppgåva som styre for bladet. Mellombels redaktør, res.kap. Inge Eidhamar, blei valgt som redaktør for bladet. Ved sida av seg får han ei redaksjonsnemnd med lærarane Anny Bonde, Reidar Halgunset og Eva Andersen. Som annonsesjef blei valgt Sigmund Haugset, sjølvaste EL-verkssjefen, så vi ser lyst på framtida på denne fronten. Postmeister Ivar Fandrem og lektor Arne Nødtvedt fekk stadfesta si teneste i kasse og ekspedisjon. Eit ganske solid kobbelt, vågar vi påstå sjølve, så no må det bli fullt i menighetsbladet.

Men meir skal til. Lesarane skal sleppe berre betale bladpengar. Vi vil ha samarbeid også om stoff. Berre skriv!

Til slutt, og i same farten, noterer vi at menighetsbladet også er blitt medeigar i Svorkmo Prenteverk A/S. Så no er vi på line med andre store aviser. Førhandsarbeidet med dette blei også fullt ut stadfesta av Fellesrådet. Som illustrasjon til alt ovanfor noterer vi i dag rekneskapsoversikt for bladet i 1973. Det vitnar om at eit lite



VÅR MENIGHET

Fellesrådet.

Orkdal kyrkjelege fellesråd konstituerte seg på eit møte på Fannrem 19. 2.

Kaare Rogstad blei formann og Arnt Gangås nestformann. Borghild Slørdal er sekretær.

I Fellesrådet sit 3 representantar for kvar av dei 4 sokneråda i prestegjeldet.

Soknerådskurs.

Same dag var det soknerådskurs for alle råda i Børse og Orkdal. Det var umåteleg godt fram møte, prosenten orienterte, og fleire tok del med innlegg. Sokneråda skal ikkje bli arbeidslause i desse fire åra.

Liknande kurs skal haldast for Meldal, Rennebu og Oppdal.

Rødde folkehøgskole

med kor og musikkgruppe hadde konsert i Orklandkyrkja 24. 2. Det var imponerende fint besøk. Ber elevane med seg same song- og musikkglede når dei sluttar på skolen, vil det merkast rundt omkr. Lærer Ola Kleiven tala. Organist Erl. Hoff sat ved orgelet. Ei slik oppleving vil vi gjerne ha fleire av.

I Orkdalskyrkja

var det konsert same kvelden ved Meldal songlag, Orkanger blandakor, Orkdal mannskor og Orkdal Damekor. Det var tale ved lektor John Meyer. Vi har hatt Steinar Jakobsen på tråden og spurt om resultatet. «Det var i alle fall bedre publikumsframmøte enn då vi var i Meldal», seier han. Der var det altså 35 tilhøyrarar. Jakobsen meiner det var ein svært fin konsert.

Vi for vår del berømmer songkora i dalen for tiltaket. Dei har vore svært aktive i kyrkjene det siste halvåret. Slik vil vi gjerne ha det.

På Orkanger

var det vespergudstjeneste med Ten Sing 29. 1. og Orkanger skolekor og musikkgrupe 21. 2. Fine opplevingar. Vi takkar spesielt Arne Mastad i Ten Sing og musikklerar Ivar Strand. Og så vil vi gjere merkam på konfirmantane på Orkanger som var tilstades begge gonger. Framifrå oppførsel, ikkje alle landets konfirmantar er slik.

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningsstrykk m.m.
Telf. og post: 7330 Svorkmo.

Orkanger menighetsforening 50 år

Magnhild Hoff og hennes damer kan arrangere.

Fin fest ble det virkelig på oss på Orkanger bedehus 3. 2. Johanna Sletvolds sang til 40-årsjubileet ble fornyet, og vi gjengir den her i bladet. «Når storverk skal utføres, står ofte kvinner bak», står det. Vi gjør oppmerksom på at den ble skrevet før nyfeminismens tider.

Vi noterer litt enkel historie.

Foreningen ble startet etter oppfordring fra prost Høyem. Det står altså også noen ganger prester bak. Men det var menighetssøstrene og foreningens medlemmer som fikk jobben i de 50 årene. Det har noen ganger vært opp til 40 medlemmer. Men nå er det bare 8. Det er heller ikke menighetssøster siden 1972, men «foreningen gjør framleis sitt arbeid i det stille», som beskjedne Magnhild Hoff, sa det.

Og beskjedent kan det høres ut. På første møtet i foreningen kom det inn kr. 4,65. Men det var altså for 50 år siden, så man fikk etter hvert menighetssøster av det. Første året kom det inn kr. 773. Vi kan til sammenlikning nevne at i fjor ga foreningen orgel til Den Gode Hyrdes kapell for over 40.000 kr., og dessuten donerte de en bra sum til menighetsrådet samtidig. Her har man muligens holdt takt med prisstigningen.

Framtidig arbeid ble i alle fall skissert opp slik: «Menighetssøster har vi ikke, men diakoniens andre oppgaver vil vi framleis ta opp. Vi vil være til hjelp for hele menigheten. Vi ber alle gjøre oss oppmerksom på oppgaver vi kan gjennomføre». Kirkens SOS står det om et tiltak i Oslo. Det ville kanskje være en passende benevnelse på Orkanger menighetsforening.

Hedersgjestene Kristine Kongsvik, Martha Skjenald, Martha Hansen, Jonette Holdvagt, Johanna Haugen og Thora Ebbesen ble presentert under applaus. «Dersom vi har dere som forbilde, så makter vi vel oppgavene vi også», sa festlederen. Vi avbilder den ungdommelige bukett her i bladet.

Det var mange gratulanter, og fine blomster vanket det mye av. Det var Sanitetsklubben, Orkanger Pensjonistforening, Orkanger Vel, Erling Hoff, Sjøguttenes Vel. Johanne Venes talte for formannen, Magnhild Hoff, og Christensen minnes søster Signe.

Sokneprest Kaare Rogstad holdt festtale, det var sang og opplesning, og res.kap. Inge Eidhamar tok forsamlingen med til Sinai og Moseberg.

Under prestens tale mediterer vi i og utledet av hans tankebaner: Det er nødvendig og nyttig med aktivitet, planlegging og å gå på møter. Men det som så ofte forsømmes er bønn. Det er der det skjer. Slik kan salmistens ord oppleves realistisk «og heimen han er mi kyrkje».

Framh. s. 5.

SANG

ved jubileumsfesten i Orkanger
Menighetsforening.

(Tone: At far min kunne gjera.)

Nu vil vi proklamere en jubileumsfest. Nu skal vi jubilere og hygge oss som best. Vår menighetsforening i 50 år har stått. Det er vår glade mening at hittil gikk det godt.

Når storverk skal utføres, står ofte kvinner bak, når noe godt skal gjøres, tar gjerne vi et tak. Det er det jevne arbeid, det er de tusen små de ofte smale bekker, som blir den store å.

Det ideelle samfunn, det har vi ikke fått. Fremdeles er det plass til å gjøre noe godt. De syke har vi alltid, de ensomme, de grå, ja, mange trenger ennu en hjelpens hånd å få.

Det arbeid som her gjøres, det ruver ikke stort, og noen vil vel synes at vi får lite gjort. Men likevel: en dråpe fra kjærlighetens hav. Et bidrag til å fylle et kristent samfunnskrav.



Orkanger menighetsforening

Framh. frå s. 4.

Det kan oversettes med: Aldersheim, sykehus, kårstue, pensjonistbolig. Det er der det skjer. Det er slik verden forandres.

Så song vi også:

«Gjør det lille du kan,
dra til minne at Gud
hos oss alle kun troskap vil se.
Og vær glad du får gå
med det ringeste bud
og at selv han all hjelp deg vil te.
Men hva fryd om en dag
Jesus sier til deg:
Hva du gjorde,
du gjorde mot meg».

ige.

GAVER til bladet

ORKLAND :

John Hoston kr. 10. Oddlaug og Bernt Høston 10. Gjertrud Løseth 10. Hjørdis og Einar Monseth 10. Ingebr. Asbølmo 10. Elborg og Idar Tevik 10. John Opøien 10. Erik Heihaug 20. Knut Ljøkeløy 20. Nanna Tangvik 10. Andreas Grogen 10. John Bakken 10. Marie Tangvik 10. Olaug Aamot 10. Aud Asbøl 10. Karen J. Bakken 10. Kari og Magne Staveli 20. Kjelfrid og Otto Larsson 20. Marit Aarli 20. Magne Aune 20. Marit og Olav Damli 20. Ola Gumdal 10. Ingebr. Holte 10. Julius Berg 10. E. Moe 10. Målfrid og Kolbjørn Elden 10. Ingv. Grytdal 10. Sigrud Wiggen 15. Hermann Knutsen 25. Tore Halgunset 10. Karen Skjølberg 10. Einar K. Svorkmo 10. Klara Skarholt 10. Eli og Ola Klingen 10. Sverre Lystad 10. Anders Solem 10. Ingv. Iversen 10. Johan Tallerås 20. Inga og Henrik Hoston 20. John O. Berbu 20. Olaug og Arne Øverby 20. Berit Resell 10. Erik Gimse 20. Ingeborg Anna Aarli 10. Ingolf Mosbakk 10. Randi Moe 10. Kristine og Ivar Skjølberg 10. Ida og Åsmund Aamot 10. Elise Kusæter 10. Gunvor Kvernvik 10. Ida og Bernt Øyum 10. Arne Belsvik 10. Eline Hoston 10. Karl Asphjell 10. Ole O. Garberg 10. Lars Løseth 10. Karen Elden 10. Jørgine Hoston 10. Anne og Oskar Knudsen 10. Bjørg og Eidar Asbøll 10. Svanhild og Harald Bakken 10. Ola Lommundal 10. Gunvor og Sverre Meås 20. Ivar O. Hoston 20. Alf

Kvernvik 50. Asbjørg og Ingebr. Hoston 10. Ingebr. Boksbu 10. Bjørg Eilertsen 10. Marie og Olav Skjølberg 10. Henrik Bakken 10. Berta Nergård 10. Eli Pettersen 10. Ingeborg Blokkum 10. Erik Monset 10. Sigurd Svorkdal 20. Signe og Tron Berbu 20. Egil Fløttum 20. S. og A. Sæterbakk 20. John Valstadmæl 20. Gjertrud Rønningsbakk 20. Kj. og Per Buset 10. Lina Rian 10. Elmer Graff 10. Iver H. Hoston 10. Ingrid Melting 10. Gerd og Olav Haugen 10. Osvald Karlsen 10. Erling Monset 10. Erik Solem 10. Knut Klefsås 20. Olga Grø 20. Berit og Ingebr. Haugen 20. Astrid Opøien 10. Ole Aune 10. Anders E. Skjølberg 40. Gudrun og Ole Vormdal 20. Arne og Anne Berbu 15. Hanna Kvernvik 10. Marit Svinsøy 10. Anne Fuglås 10. O. Svorkmo 10. Ola Eide 20. Mary Øverby 20.

ORKDAL :

Margit og Harald Bye kr. 20. Randi og L. Vongraven 10. Bergitte og O. Byamo 10. Sonja og Erling Ustad 10. Sigrud og Knut Bakk 20. Marta Knudsen 10. Ole Storøyen 10. Berit og Hans Aunemo 10. Randi og Nils Johnsen 10. Gunhild og Kjell Fannrem 10. Hanna og Johan Vårum 10. Arntine Haltli 10. Astrid og Audun Eldevik 10. Gjertine og Asbj. Meås 10. Nanna og Ole Solem 20. Erika og Sigurd Kvåle 10. Erling Solem 30. Mardis og Ole Vatengård 15. Hansine Tiseth 15. Gunnar Asphaug 10. Johanna og Ole Andøl 20. Nils Hanssen 10. Arnt Wormdal 20. Dagfinn Dahlo 10. Else Valslag 10. Johan Johansen 10. Ingeborg og Ola Bakk 10. Jens Erik Reitan 10. Gjertrud Sølberg 10. Lars Sølberg 10. Andrea Øyamo 10. Peder Løseth 10. Ingebjørg og Bj. Mjøhus 10. Signe Blåsmo 10. Edv. Forvemo 10. Sofie Kristoffersen 10. Oddm. Lund 10. Sigrud Skjetne 10. Per Elvbakken 10. Ingeborg Torgersen 10. Tordis Tuflåt 10. K. G. R. 10. Elfrid Skaugen 10. Målfrid og Arne Aunemo 10. N.N. 10. Kr. Koksæter 10. Ola Rye 10. Guri L. Bye 10. Einar Bjørndal 10. Karen og Bernt Aunemo 10. Kristian Volden 10. Knut Snildal 10. John O. Haugen 10. Hallvard Morken 10. Arne Fossbakk 10. R. og M. Kvåle 10. Dordi Kvernød 10. Jorunn Solem 10. T. Hallien 10. Birger Kristiansen 30. Arne Hokollegg 15. Jon Skauge 15. Torger Sandvik 15. G.

Sammendrag

av regnskapet for 1973.

Beholdn. i kasse		
pr. 1.1. - 73	245.12	
Tilgode hos		
Svorkmo Pr.v.	892.00	
Inntekt:		
Gaver:		
Orkdal	3860.—	
Orkanger	2875.—	
Orkland	1715.—	
Geitastrand	940.—	
Utenbygds	1518.—	
Utlandet	47.50	10.955.50
Annonser	510.—	
Undersk. dekket ved uttak i		
Postspareb.	1869.27	

Utgift

Bladporto	3471.84	
Frimerker	80.75	
Skrivesaker	21.30	
Prenting av bladet	10.398.—	
Lønn til kasserer (3 år)	500.—	
		<u>14.471.89</u> <u>14.471.89</u>

I Postsparebanken 1613.00

I kassen 0.83

Ivar Fandrem, kass.

Bakksæter 15. E. Storbekken 20. John O. Forvemo 20. I. og B. Grønningen 20. Ella og Sverre Nyhus 20. Ivar Solem 20. Gudrun og Alf Lysevull 20. Mary og Olav Metliås 20. Birger Ustad 20. Karen og Lars Gjønnes 20. Marta og John P. Eggen 20. Ivar Hollum 20. Nidvar Asbjørnslett 20. Johan Røhme 20. Jarle Jarstein 20. Anne Marie Andøl 20. Agnes og John Fagerli 10. Beret Rensklev 10. K. Okkenhaug 10. Audny og Tormod Slupphaug 10. Erika Wormdal 10. Alida Meås 10. Johanna Eggan 10. Guri og Bjørn Husdal 10. Bjørg og Kjell Engløkk 10. Ola Metli 10. Nanna Solem 10. Klara Sundli 10. Joh. Berdal 10. Anna Lillemyr 10. Klara Eilertsen 10. Anders P. Kvåle 20. Jorid og Helge Syrstad 30. Erna og S. J. Øyen 10. Reidun og Hans Bakken 10. Eli Ekli 10. Sivert A. Sundli 10. Arnfinn Dørdal 10. Anna og S. Skjenald 10. Godtfred Singstad 20. John Haltli 20. Ola E. Sundli 10. Aslaug Kroken 10. Lovise Kjønli 10. Jorunn og Jan Almlil 10. Johan Krokstad 10.

Den norske Israelsmisjon

Organisasjonen blei stifta i 1844, to år etter Det norske misjonsselskap, og er altså nest eldst av misjonsorganisasjonane i Norge. Israelsmisjonen gir ut det heilt utmerka bladet «Misjonsblad for Israel». Her finn ein aktuelt stoff om jødisk historie, skikkar og notid verda rundt og om misjonen blant jødane. Misjonen har no mange utsendingar i Israel og i Sør-Frankrike. Det siste gjeld arbeid blant alle dei fattige Nord-Afrikanske jødane som måtte flykte dit etter frigjeringskampane mot franskmennene. Men tidlegare har Israelsmisjonen også drive arbeid i Aust-Europa, spesielt Ungarn og Romania. Desse områda når ein no berre gjennom radicemisjon og bibelspreiing.

Formannen for Israelsmisjonen i Norge er no sokneprest Leif Flørenes, og nestformann professor Magne Sæbø. Generalsekretær er den norsk/ungarske presten Lazlo G. Terray. Melhuspresten Ole Johan Bondahl er formann for Trøndelag krins, og meldalingen Sivert Gunnes kringsekretær.

I Orkdal er det lite fast arbeid for Israelsmisjonen, men på Vormstad er det ei barnegruppe som Anne Høston leier. Orkanger eldre kvinneforening av NMS gir også sitt årlege bidrag til Israelsmisjonen.

ige.


En vidstrakt menighet

Motoriserte menighetssøstre har vi etterhvert fått mange av i vårt vidstrakte land. Men søster Brynhild Dagestad fra Stavanger er kanskje den eneste av det slaget i Israel, og bilen hennes er et uunnværlig arbeidsredskap. Menigheten strekker seg nemlig fra Haifa til Nasaret og langt inn i Galilea.

Flokken av jødekristerne som søker til Den norske Israelsmisjons menighet i Haifa, kommer fra store deler av verden, men de fleste fra Øst-Europa. De unnslopp Hitlers konsentrasjonsleirer hvor mange av dem mistet sine aller nærmeste. Storparten av de eldste tilhørte Israelsmisjonens menigheter i Romania og Ungarn, og de samme nor-

„Markene er
alt hvite
til høsten“

Johs. 4, 35.



Slik uttrykte Jesus tidssituasjonen slik han så den ved møtet med den samaritanske befolkningen i Sykar. Kvinnen som han hadde snakket med, bragte et budskap til sine bysbarn. I flokkevis strømmet de ut til brønnen for å møte denne merkelige jøden som hun fortalte om.

For Jesu øye fortonte disse mennesker seg som en åker som var moden for innhøsting i Guds rike.

Ute i naturen lå enda høsttiden fjernt og langt unda. Men høsten i Guds rike faller ikke nødvendigvis sammen med naturens årstider. Her er det andre aspekter som teller enn solens stilling på himmelhvelvet. Her er det menneskehjertets trang og behov som er den bestemmende faktor. Og for å bestemme modenhetsgraden i denne høstsituasjonen, trenges et våkent åndelig syn. — Et øye som kan trenge gjennom skallet av hovmod og likegyldighet som mennesket så ofte gjemmer seg bak. — Et øye som kan se inn i det tomme, — urolige menneskesinn som lengter etter større og rikere verdier enn de materielle ting de lever med.

Ved første blick var det kanskje ikke så gunstig åndelig materie de representerte disse mennesker. I hvert fall var samaritanene, etter alminnelig jødisk oppfatning, en mindreverdige folkeferd. Men Jesus så også i dem mennesker som var

ske misjonærene fulgte dem derfra til det nye fedreland og bygget en kirke av innvandrere. Det var stor glede i menigheten da Elias-kirken og Kristent Senter på skråningen av Karmelfjellet i Haifa ble innviet i 1970.

bestemt for Guds rike, og at de, i all sin nedverdiggelse, var modne for å bli innlemmet i dette riket.

Så forsøker han å åpne sine venners øyne for dette: «Løft eders øyne og se —», sier han.

Mon tro om ikke situasjonen er den samme også i dag. Og det gjelder ikke bare en liten begrenset flokk. Det gjelder verden og menneskeslekten som helhet.

Verden fortøner seg som en sydende vulkan. Det er uro og opprør over alt. Demonstrasjoner og protester mot alt bestående går som en farsott på alle kanter. Vold og ødeleggelse synes å være en besettelse hos unge og gamle. Fiendskap og krig hersker mellom land og nasjoner. Alt synes å gå mot kaos.

Hva er årsaken? Mon tro om det ikke ganske enkelt er den ting at mennesket er glidd bort fra Gud. Det gamle kirkefaderlige ord: «Mennesket er urolig inntil det finner sin hvile i Gud», synes tilfulle å være bekreftet.

I all sin uhygge vil dog dette, for det åndelig opplatte øye, fortone seg som en hvitnende høstmark.

Det er ting som trengs, — en ting som gir redning: Det himmelske budskap om synd og nåde.

Dette er utfordringen og oppgaven som møter enhver sann kristen.

«Løft eders øyne og se: Markene er alt hvite til høsten». Og i sannhet, høsten er stor, og arbeiderne er få. Her er bruk for alle krefter og alle hender.

«I høstens dager få skal klage over trang på tidsfordriv».

Sivert Gunnes.

Sivert Gunnes er kretssekretær i Trøndelag Krets av Den norske Israelsmisjonen. Adr. JERPSTAD.

Kristent aldershjem i bibelens land

3. juledag 1973 møtte arbeidsfolk opp på tomten der Den Norske Israelsmisjon skal reise det første kristne aldershjem i Israel.

Først måtte en 100 års gammel bygning rives, og så kunne gravingen av kjelleren ta til.

Til tross for krigstilstand og full mobilisering i landet kunne den israelske byggmesteren love å ha hjemmet ferdig i 1975. Det skal gi plass til 30 gamle, — overlevende fra jødeforfølgelsene i Europa og under siste verdenskrig.

Mesteparten av byggesummen er allerede blitt samlet inn i Norge og andre land. Ved hjelp av en landsinnsamling håper Den Norske Israelsmisjon å få inn de 1 mill. kronene som mangler for å kunne fullføre bygget.

Vil du være med å hjelpe de gamle jødekristerne i Israel til en lys alderdom i et godt kristent hjem? Send din gave over **postgiro nr. 20 87 55**, Den Norske Israelsmisjon, Colletsgt. 43, 2, etg. Oslo 4.

FASTE — —

Framh. frå s. 1.

ropa? Eg er redd vi ikkje er. Det er så mange av oss som berre er «julekristerne», - menneskje som så gjerne tar imot barnet i krybba og tilbed det, men gløymer at dette barnet veks til ein stor og kraftig konge som tar kampen opp med synd, død og djevel, vinn kampen Langfredag og ropar ut sigeren Påskedag. Barnet hadde vore ufårleg det om det aldri hadde vorte anna enn barn. Difor kan ikkje jula sin bodskap åleine gjeva menneskja frelse: Heile evangelieinnhaldet må med, også påskebudskapen.

Og likevel, — det er så mange «julekristerne» som står uskjonande overfor påskebudskapen. Nattverdmåltidet har dei aldri tatt del i sidan konfirmasjonen, enda Jesus Kristus gav oss det Skjærtorsdag.

Nådens under

Tone: Sørg o kjære Fader du.

Nåden under, kjærlighet, kom fra himmerike, ved Guds sønn som steg herved, nåde uten like.

Liv og lys han bragte med til oss som Guds gave, håp om evig salighet — lyser over grave.

Nådens under, Herrens fred skaper nye hjerter, gjennom tro og ydmykhet ved det ord vi lærte. Det er helligåndens verk, som til sannhet leder, og den svake gjør han sterk — for oss Ånden beder.

Nådens under, når vi står evig frelst der hjemme. Nådens under, når vi får høre Herrens stemme. Den som tar imot Guds ord, arver himmerike, salig er enhver som tror, nåde uten like.

Karl Stiansen.

Ordet om synd og nåde eignar dei ikkje til seg, enda om krossen Langfredag ropar dei ut over verda. «Sjå der Guds lam, som ber verda si synd». (Joh. 1, 29). Dei har aldri for alvor gjeve Jesus Kristus herreveldet — regjeringsplassen i sitt liv, enda Påskedagen fortel at Han stod opp frå det døde, og slik hadde synt heile verda klart at *Han var Herre* over liv og død.

Kva er så årsaken til at så mange berre er «julekristerne»? Kvifor skyndar ikkje «det moderne menneske» lenger påskeevangeliet? Fordi vi ikkje lenger gjer skil på advent, faste og trieinging. — Fordi vi ikkje lenger lever med i kyrkjeåret sine ymse hendingar, slik dei gamle gjorde. — Fordi vi ikkje veit kva teksten taler til oss kvar einskild dag, og det igjen fordi vi aldri tar vår Bibel fram og ser etter. Veit dykk, kjære vener, at slik er det «avkristinga» tar til?

Framh. s. 8.

SØVASSKJØLEN
FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE
I ORKDAL.

Konstads Bokhandel

Orkanger.

Bøker Papir
Skolemateriell.

SØLVVARER
til
BARNEDÅP BRYLLUP
KONFIRMASJON
Gullmed

John
RØHME

7300 Orkanger

Velkommen til vår forretning.
Vi står alltid til tjeneste.
Gjør innkjøpene hos oss.

Soorkmo
Handelssamlag

Forkort etterjulsvinteren
med et hyggelig håndarbeid.



Harald Hukkelås

Orkanger.

Det Norske Misjonsselskap

- Trøndelag krets -

Vi arrangerer i år 5 forskjellige påskeleirer i Trøndelag. Tre av disse blir på Mjuklia Ungdomssenter, Berkåk, en på Bakksæter gård i Orkdal og en på Søyilia gård på Hemnekjølen.

Leirtilbudet har før vært for barn og unge mellom 10 og 19 år, — i år utvider vil tilbudet med familieleir på Mjuklia.

Vi som har prøvd å tilbringe påskeferien på leir, vet at det er en fin måte å feire påske på: vi får være sammen om påskebudskapet, samtidig som vi får anledning til å gå på ski og forhåpentligvis nyte påskesola.

Leirene blir slik:

MJUKLIA UNGDOMSSENTER,

BERKÅK :

Leir 1: 5. - 9. april:

13 - 15 årsleir.

Leir 2: 9. - 13. april: Familieleir.

Leir 3: 13. - 15. april:

10 - 12 årsleir.

BAKKSÆTER I ORKDAL:

Leir 4: 5. - 9. april:

15 - 19 årsleir.

SØYLIA PÅ HEMNEKJØLEN:

Leir 5: 13. - 15. april:

10 - 13 årsleir.

Opplysning og innmelding:

NMS Kretskontor,

Sommerveiten 4, 7000 Trondheim.
Tlf. (075) 23 780.

FASTE - - -

Framh. frå s. 7.

Men det må ikkje vera slik. Frel-saren innbyd oss no denne tida til å vera med opp til Jerusalem. Lat oss alle svara, ja vi kjem. Vegen vår til Jerusalem er å faste det. Ik-kje slik at vi no skulle ta fram att dei gamle sveltekunstene og sjølv-plagarmåtene. Nei, men vi skal gå inn i ei fastetid for sinn og hjarte, — kvar dag lesa eit stykke frå Frel-saren si lidingssoge, tenkje det nøye igjennom og ta det inn over oss.



Pris Herren!

GUDSTENESTER

Ta idrettsmannen til forbilde!

Veit de ikkje at av alle dei som er med i eit renn, er det berre éin som får sigersprisen? Difor må de springa så hardt at de vinn: Kvar den som er med i tevlingar, er fråhaldande i eitt og alt, idrettsman-nen vil vinne ein sigerskrans som visnar, vi vil vinne ein som aldri visnar. (1. Kor. 9, 24 - 25).

2. s. i faste - 10. mars.

Orkdal. Rogstad. Nattv.

Offer til soknerådsarbeidet.

Orkland: cand. teol. Oddvar Frisvoll og Eidhamar. Nattv.

Støylen skole kl. 15. Eidhamar.

Onsdag 13. mars.

Den Gode Hyrdes kapell kl. 19 ved Eidhamar.

3. s. i faste - 17. mars.

Orkanger kl. 11. Eidhamar.

Familiegudst.

Utdeling av Min kirkebok til de

som fyller 4 år i 1974.

Offer til Orkanger menighetshus. Menighetsmøte om bruk av Salmer 73.

Geitastrand. Rogstad.

Onsdag 20. mars.

Den Gode Hyrdes kapell kl. 19.

Rogstad.

Fastegudsteneste hos John Kvikne kl. 20. Eidhamar.

Midfastesøndag - 24. mars.

Orkdal. Eidhamar.

Orkland. Rogstad.

Støylen skole kl. 15. Eidhamar.

Tirsdag 26. mars.

Orkanger kirke kl. 19. Vespergudst. med Ten Sing.

Onsdag 27. mars.

Kjørenmoen kl. 19. Rogstad.

Maria budskaps dag - 31. mars.

Orkanger. Rogstad. Nattv.

Hoston. Eidhamar.

Onsdag 3. april.

Orkdal kyrkje. Skolelagssekr. Kristin Nordseth og begge prestene. Skolelagskoret. Nattverd.

Palmesøndag - 7. april.

Orkdal. Eidhamar.

Orkland. Rogstad.

Geitastrand kl. 15. Eidhamar.

Orkanger kl. 19. Rogstad.

Offer til Kirkens Nødhjelp - fastebøssene ved alle gudst.

Menighetens årsfest.

Orkdal sokn. Fannrem misjonshus 10. mars kl. 19.

Orkanger sokn. Orkanger bedehus 17. mars kl. 19.

«Dette gjorde Han for meg». — Kvar dag gå til Frelsaren og fortelja Han alt som er vanskeleg å skjøna. Så vil Han gjeva oss sin heilage Ande som opplyser oss nett der vi bad om det. Vil du og eg skjøna også påskebudskapen, så har vi berre å gå til Jesus Kristus. Fylgjer vi Han på lidingsvegen til Jerusalem og Golgata — Hovudskallestaden — så vil vi der, framfor Krossen få sjå all vår synd, men også all den nåde vi har fått. Framfor Krossen vil vi skjøna at Jesus Kristus er Herre og at vi treng halde nattverd ilag med Han. Framfor

Krossen skjønar vi at «vegen til Jerusalem» går vidare. Den endar ikkje på Hovudskallestaden, den går like til Paradis.

K.G.R.

Det norske misjonsselskap

Møter i Orkdal.

Talar: Diakon Nordbustad.

Gjølme bedehus 15. 3. kl. 20.

Megården bedehus 18. 3. kl. 20.

Orkdal misjonsforeining av NMS har årsmøte på Orkanger bedehus søndag 24. 3. kl. 15.

Kaare Rogstad og Ottar Hyldmo er med.